

Referat foreldremøte 3. trinn tysdag 12. september 2017

Kort presentasjon av dei vaksne på trinnet:

<i>3 A - kontaktlærer</i>	Elene Johanne Imhof Nordanger
<i>3 B - kontaktlærer</i>	Karita Varhaug
<i>3 C -kontaktlærer</i>	Jeanette-Kristin Våge Gjerde
<i>3 D kontaktlærer</i>	Bente Gudmestad
<i>Lagleiar</i>	Synnøve Malmin
<i>Fagarbeidar</i>	Heidi Anita Husveg
<i>Assistent</i>	Elin Krogedal
	Lars Magne Lillesand

Rektor informerte:

Alle elevane vil få chromebook etter jul. Den skal i første omgang kun vere på skulen. Dersom det blir aktuelt at dei får chromebooken med heim, så vil de få eit eige skriv om det.

Nytt regelverk om skulemiljø. Lenkje på heimesida til skulen. Gå til tryggskule.no - skulemiljø. Der ligg det ein powerpoint om det nye regelverket om skulemiljø.

På Visma flyt kan de som foreldre logge inn med bankid for å sjekke fravær, samtykke, endre adresse/telefonnummer osv.

Engelsk:

Læreverk: Scoop - lesebok og arbeidsbok.

Verket er lagt opp til at elevane skal kunna lese og forstå enkle instruksar på engelsk. Kvar oppgåve vert likevel nøye gjennomgått og forklart på engelsk og norsk.

Lærer snakkar både på engelsk og norsk i timane. Først seier lærar setninga på engelsk, oppfordrar elevane til å oversette saman med meg, deretter gjentek lærar det same på norsk. Når elevane har høyrte setningane/instruksjonane på engelsk nokre gonger, vil dei berre bli sagt på engelsk.

Engelsken er kun i kontaktgruppe. Læringa ligg i kommunikasjon mellom lærar og elev og mellom elev og elev. Me bruker korlesing eller ekkolesing der elevane gjentek etter lærar. På denne måten øver me på uttale. Det er og mykje fokus på at elevane skal snakke sjølv i timane.

Elevane vert utfordra til å seia orda dei lærer i setningar. Eks: What can you see? I can see...

Oppfordrar til å snakka engelsk heime. Eks. under måltidet, i bilen, på veg til fotball, handball, turn etc.

Fortsatt vekt på det munnlege, men det blir ei gradvis auking i det å skrive glosar og enkle setningar utover året.

Nokre gonger blir det leselekser på engelsk. Då vil me at foreldre les med ungane for at dei skal ha mest mogleg rett uttale. Les 3 gonger.

Norsk:

Elevane har norsk kvar dag på skulen. Me bruker læreverket Zeppelin, der me har lesebok, språkbok (tek føre seg bl.a. rettskriving, grammatikk, tekst- og ordkunnskap), og arbeidsbok til språkbok.

Me går gjennom ny leselekse kvar dag på skulen.

Lekser: Elevane treng fortsatt å bli følgde opp med leksene sine. Det er viktig at elevane les leseleksa tre gonger. Dette vil gi betre flyt og forståing. Dersom elevane les høgt vil dei betre høyre feila sjølv. Dei bør lese minst ein gong høgt for dykk heime også. Då må de rette på ord som vert lesne eller uttalt feil. De kan og stille spørsmål til teksten som eleven les. Dette for å auka leseforståinga.

Dei skal skrive overskrift til kvar lekse, bruke gråblyant, svare med heil setning og skrive samanhengjande stavskrift. Dei skal skrive *fint* på linjene.

I norsktimane jobbar me kvar veke med språkoppgåver, lesing og forlag. Vis interesse for det eleven dykkar har skrive når dei kjem heim med ei bok dei har skrive i forlagstimane. Dei brukar tid og energi på å vere forfattarar, og har all grunn til å vere stolte av produktet.

Skulen har fokus på lesing, og målet er at elevane skal lese 30 minutt kvar dag på skulen. Vi har og fokus på å lesa fagtekstar, og elevane vil og få leselekse i Krle og Nsm. Vi øver og på at elevane skal lese oppgåvetekstane sjølv og forstå kva dei skal gjera.

Matematikk:

Me fortset med «bølgjer» i matematikken.

I 3.trinn fram til jul skal vi kunne lese, skrive og vite innhaldet i tala opp til 1000. Me lærer ny hundrar kvar veke. Vi arbeider og med å rekne med tala opp til tusen, subtraksjon (minus) og addisjon (pluss). Lurt å sjekke om din unge klare dette. Det er til stor hjelp om de øver heime.

Me øver på telje til tusen på ulike måtar, med to, fem, ti, tju, femti og hundre om gongen. Lurt å sjekke om din unge klarer dette. Det er til stor hjelp om de øver heime. Hugs å telje baklengs òg. Mange elevar synes det er vanskeleg med subtraksjon (minus). Dersom dei er stødige på å telje nedover (frå tilfeldige tal, be dei gjerne telje nedover eit stykke frå 87..., frå 234...frå 876..osv) vil det vere lettare å få til slike reknestykke.

Etter haustferien kjem me til å arbeide med klokka. For endel elevar så er klokka vanskeleg, spesielt analog klokka. Det kan vær lurt og ha ei analog klokke på veggen heime eller at elevane har det sjølv. Ha gjerne små drypp i kvardagen, f.eks kvart på fem er det middag. Kor er viserene då? Kor mykje er klokka nå? osv.

På tredje trinn etter jul byrjar me med gonging. Først jobbar me med forståing og etter kvart med å lære gongestykka så godt at svaret kjem automatisk.

Gymnastikk:

Nytt i år er at elevane skal skifte til gymnastikkklede, samt dusje etter timen. Dei må ha med passelege gymklede, gymsko, handkle og såpe. Det er ikkje tid til vask av håret. Blir det gløymt noko gjentekne gonger, sender me melding heim. De kan godt øve elevane på å pakke gymbagen sjølv, men de må sjekke at dei har fått med seg alt dei treng etterpå. Hugs å merke klede, sko og gjerne handkle med namn.

Symjing:

Dei elevane som treng/vil ha frukt kan ta det med på symjinga. Det er litt lite tid til å ete frukt, og derom dei bruker lang tid i garderoben så vil dei ikkje få tid til å ete frukta si. Følg med på planen når det vert skifte i gruppene. Elevane kan bruke symjebrylle men ikkje dykkerbrylle. Me vil oppfordra til å nytta helgene til ein tur i bassenget.

Praktisk informasjon:

- o Stor overgang frå 2. til 3. klasse. Ny plan, mange nye bøker, meir lekse og leselekser i andre fag. Stort læringstrykk.
- o Fokus på orden i garderobe!
- o Elevane må vere ute i friminutta kvar dag, uansett korleis veret er ute. Alle må ha regnkjede og støvlar tilgjengeleg i garderoben + skifteklede og innesko. Me har 3 friminutt kvar dag, då er det ikkje greitt om elevane er gjennomvåte allereie etter første friminutt. Regelen på skulen er at dersom eleven er frisk nok til å gå på skulen, er han frisk nok til å vere ute i friminutta.
- o Gjennomgang av vekeplanen: Det kjem ein del viktig informasjon på vekeplanen. Me vil samle dei inn kvar 14.dag, så hugs å skrive under på planen før den vert samla inn. Me vil at de skal gå gjennom mål for veka heime og krysse av på planen.
- o I desember skal vi på «Jul i gamle dager» på Jærmuseet. Det vert og nokre turar til Jærmuseet til våren. Datoane kjem på vekeplanen etterkvart. Foreldre og besteforeldre er velkomne til å vere med på desse turane.
- o LUS!
- o Bruk tid på barnet ditt. Dei treng at de ser dei, og har tid til dei.
- o De foreldre kan gje borna dykkar ansvar heime. La dei vere med på oppgåver heime, ver i lag med dei, gjer gilde ting i lag med dei slik at dei føler seg betydningsfulle og kjenner at de ynskjer å bruke tid på dei. Vi merker at mange elevar treng omsorg og "kos", - vi prøver å møte dei der dei er kvar dag.
- o C og D-gruppene vert i kvart sitt klasserom iallefall fram til haustferien. Dette gjer vi for å fokusere på klassemiljøet og for å byggje gode relasjonar mellom elev-elev, og mellom lærar-elev.

Eventuelt:

- o Databruk, spel der det er 12 års grense.
- o mobilbruk . kor mange tillet mobil?